

Karrieredagane 2020 for Indre Nordmøre

15/09 2020 08:00 - 15:00

Surnadal

Publisert: 13.03.20 Oppdatert: 12.06.20



I samarbeid med sentrale aktører frå utdanning, arbeidsliv, kommunar og organisasjonar inviterer Møre og Romsdal fylkeskommune alle ungdomar på 10. trinn til å vere med på Karrieredagane 2020.

Elevar i vaksenopplæringa i kommunane som er søkjarar til vidaregåande opplæring hausten 2021 er også inviterte.

Målsettinga med karrieredagane er at:

- Alle avgangselevar frå grunnskolen skal få eit realistisk og levande bilete av utdanningsvegar og arbeids- og karrierevegar i Møre og Romsdal
- Karrieredagane skal gi dei unge ein sjanse til å finne ut meir om mangfaldet i regionalt næringsliv, både i privat og offentleg sektor
- Arrangementa skal vere ein motivasjonsfaktor for å få ungdom til å velje utdanningsretning og yrke som finst i eigen region
- Arrangementa skal gi betre kjennskap og refleksjon i høve til utradisjonelle yrkes- og karrierevegar på tvers av kjønn og etnisk bakgrunn

Kontaktperson:

Harald Bredesen, harald.bredesen@surnadal.kommune.no Mobil 91378178

Dokumenter



Karrieredagane 2020 invitasjonsbrev

